

Dag Hermansen på ski i strandsona.

13.02.2018



Sjølv om det var i minste laget med snø, er det ei spesiell oppleving å gå på ski langs ei badestrand.

Før mildveret kom i går var Dag Hermansen ute med tur - langrennskia sine på Neset, langs Strandavegen og det som på sommaren er badestranda Stølavikjo. Det var i minste laget med snø, men Dag hadde fint driv fram og tilbake i den same traseen. Spesielt er det å gå på ski heilt ned i sjøkanten og høyra bølgene slå inn mot land.

Dag Hermansen bur til vanleg i Bergen. Han er over snittet eit aktivt friluftsmenneske, både på sykkelen og i fjellet på ski og til fots. Nyleg var han til hytta, som han eig i sameige med andre, ved Mannsvatn. I mykje snø gjekk han opp skogsvegen på Haugland og fram til hytta. Det er sjeldan han har sett så mykje snø på Hauglandsfjellet. Berre hyttetaka var å sjå. Nokre hytter var heilt nedsnøa. Berre skorsteinen stakk opp.

Dag Hermansen er tidlegare geolog i Statoil, bur på Danmarks plass og har hatt jobben sin på Sandsli. For nokre år sidan hadde BT magasinet ein større reportasje om geologen som kvar dag uansett ver, i snø og slaps, sykla til og fra jobb. På sykkelvegen gjekk det fint. Verre kunne det vera på Fjøsangervegen med stor trafikk og noko aktlaus køyring. På Sandsli var det rett i dusjen, få på seg tørre kle og starta arbeidsdagen. Så var det same vegen på heim.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal